

Venneklubbane ein storsuksess

26.01.2013

Steinar Halleland, busett i Stavanger men med røter i Uskedalen, vart presentert anonymt av Kongen i nyårstalen hans og i kveld slapp Steinar til i eit av NRK-programma som samlar flest sjåarar - Lindmo.

Han har gjort ein storinnsats ved å danne klubbar som får folk ut av einsemda. No er det etablert venneklubar i 13 byar og dei har over 2000 medlemmer.

I TV i kveld fortalde Steinar og Trine Johansen om den store suksessen som starta med ein effektiv marknadsføring gjennom Stavanger Aftenblad.

Dei var svært opne om kor trist og einsamt dei levde før dei gjekk inn i klubbverksemda. No opplever dei noko heilt anna.

- Vi har teke livet attende, sa Trine.

Etter dette innslaget er det grunn til å tru at venneklubbane får avleggarar også på våre kantar.

Av Ola Matti Mathisen